

# M

KLEPP, BORE, ORRE,
FRØYLAND OG ORSTAD SOKN

1. UTGAVE
2026

Velsigna er Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, han som
i si store miskunn har fødd oss på nytt til ei levande
von ved Jesu Kristi oppstode frå dei døde!
1 Pet 1,3



# Innhald

**Menighetsbladet**


Hjørnet /04

Døypte, vigde, gravlagde /09

Gudstenester /10

Konfirmasjonsdatoar /20

# Kontaktliste

Organ for sokna i Klepp kyrkjelege fellesråd.
Kjem ut 4 gonger i året.

**Redaksjonskomité:**
Kari Haavardsholm - kontaktperson
Birgitte Maudal Berge - Layout
Arvid Kaspersen

**Framsida og ved innhaldslista:**
Foto: Terje Peersen

**Trykk**:
Olsson as

**Postadresse:**
Klepp Menighetsblad
Postboks 101
4358 Kleppe

**Telefon:** 51 78 95 55

**E-post:** menighetsblad.klepp@kirken.no
**Bankgiro: 3290.07.02239**

**Vippsnummer: 810948**

## Utgivelser i 2026

| Nr. | Stoff-frist | Utgivelse |
|---|---|---|
| 2 | 05.05 | 04.06 |
| 3 | 25.08 | 24.09 |
| 4 | 27.10 | 26.11 |

**Klepp, Orre og Bore kyrkjekontor**

Besøksadresse: Kleppvarden 2, 4350 Kleppe
Postadresse: Postboks 101, 4358 Kleppe
Telefon: 51 78 95 55

**Kontortider:**
Måndag til torsdag: 10.00 - 13.00
Fredag: Stengt
Elles etter avtale

NB! Alle på kyrkjekontoret har fått nye e-postadresser, sjå meir på våre nettsider.

**Tilsette kyrkjekontoret:**

Kyrkjeverge, Arvid Kaspersen 401 57 641
Sekretær, Kari Haavardsholm 992 66 752
Sekretær, Ingunn D. Aandal 924 19 934
Diakoniarbeider, Ruth Bråtveit 472 59 486

**Klepp sokn:**
Sokneprest, Just Salvesen 410 04 692
Dagleg leiar, Hilde N. Djønne 481 25 450
Sekretær, Ingunn D. Aandal 924 19 934
Kantor, Ola Sotnakk 996 28 182
Menighetspedagog barn,
Vilde Henriette Lund Bergseth 988 96 528
Menighetspedagog ungdom,
Andrea Bjørkavoll-Bergseth 414 53 395
Kyrkjetenar, Ketil Terning 900 35 471
Kyrkjelydsarbeidar, Karoline Undheim 922 55 478
Kari Kjestveit (vikar kyrkjelydsarbeider)

**Orre sokn:**
Sokneprest, Erik Rørtveit 900 97 015
Menighetsped. og sekretær,
Jan Erik Lerbrekk 902 56 031
Dagleg leiar, Hilde K. Eikeland 480 36 029
Organist, Arne Hadland
Ungdomsarbeidar, Karl Ørbeck Dächert 991 56 865

**Bore sokn:**
Sokneprest, Ivan Fjeld 948 69 841
Dagleg leiar, Hilde Kalvatn Eikeland 480 36 029
Sekretær, Kari Haavardsholm 992 66 752
Organist, Elin Underhaug Kanu 909 45 278
Menighetspedagog barn,
Anette Dagfinrud Thorset 919 21 631
Menighetspedagog ungdom,
Birgitte Maudal Berge 473 71 627
Forbønstenesta i Bore:
Andrine K. Homme 909 76 477

**Frøyland og Orstad kyrkjekontor**
Besøksadresse: Orstadbakken 33, 4353 Klepp stasjon
Postadresse: Postboks 43, 4356 Kvernaland

Sokneprest, Morgan Fjelde 489 97 108
Dagleg leiar,
Marita Teigen Gamlemshaug 938 37 283
Menighetspedagog og musikalsk leder,
Inger Lende Sandve 918 40 797
Driftsleiar, Geir Ådne Vestvik 928 56 689
Fredrik Bråttvik, barne-og familiepastor 478 85 850
Team ungdomsarbeid:
Elisa Omdal 454 60 727
Samuel Njærheim 952 27 731

DEN NORSKE KYRKJA

Hjørnet

# Noko nytt

Velkommen inn i mitt «hjørne». Den nye menighetspedagogen og sekretæren i Orre kyrkje. Ennå er mykje nytt, ettersom eg begynte jobben i haust. Og nå er året nytt, og moglegheitene nye – slik ein ofte seier. At eit nytt år startar, og eit gammalt år avsluttast, har for meg ofte vore ein god moglegheit til å grunna. Grunna over det gamle som har vore, og det nye som eg håpar på. Kva vart av det gamle året, 2025? Vart eg nøgd og glad? Eller fant eg meir smerte og sorg? Kanskje ei god blanding? For slik er det jo ofte med livet, er det ikkje?

Å sjå tilbake på korleis livet har vore og korleis Gud viste seg gjev ein unik moglegheit til å finna visdom og lærdom. Samtidig kan fortida sine avtrykk bera med seg smerte over det feilslåtte og tapte. Nokon bruksmerker og skrammer ber ein berre med seg. Held du berre ut? Eller har du noko å takka for? Kva kjem så? Jo, me begynner å håpa på det nye. Me lengtar etter å finna nye svar der framme. Noko er det, som driv oss alle. Noko som får oss til å reisa oss opp kvar dag. Gjera dei gjeremåla som er sett. Kva søkjer du? Kva leitar du etter? Sitja roleg, godt lent bakover med favorittboka? Kjensla av den friske brisen på kinnet mens du klatrar ein fjelltopp? Ha eit barnebarn i fanget som ivrig fortel om dagen? Verta omfamna av ein du er glad i? Våg å drøyma litt. Våg å håp på noko godt.

For 2000 år sidan var det ein mann som rørte ved noko i folk. Ein mann folk trengde seg inn på for å høyra. Ein mann av folket. Jesus frå Nasaret. Ein dag fekk fiskaren Simon eit møte med Jesus. Etter det møte skulle aldri livet vera det same. Simon vart Peter, og fiskefangst vart menneskefangst. Eit kvardagsliv på båten til sjøs ble til lange dagar og reiser saman med Jesus. Simon Peter sat nok trygt og godt i båten, men Jesu røst, som rørte ved folk, rørte òg ved noko djupt hjå Peter. Lengsler og håp om noko nytt, noko meir, saman med orda: «Frykt ikkje! Frå nå av skal du fange menneske.», fekk Peter til å forlata båten og følgja Han. Sit du i båten og ventar på noko nytt? Kanskje grunnar du over det gamle? Er du forventningsfull eller sliten?

Kanskje er det stilt i båten Jesus møter deg? Kanskje er det på tide å aktivt lytta til Jesu ord: «Frykt ikkje!» Kva er det Jesus kallar deg til?

**Jan Erik Lerbrekk**
**Menighetspedagog og sekretær, Orre kyrkje**



# Nytt fra plankomiteen

Nå kan man se at mye er gjort utvendig når en passerer byggeprosjektet. Det meste av arbeidet foregår nå innvendig og går som planlagt. En del avklaringer er gjort underveis med bestilling av flygel til kirken. Kunstkomiteen har gjennomgått detaljer i forbindelse med endelig utforming av kunsten, og kommentarer fra kirkeråd og bispekontoret er gjennomgått før biskopens godkjennelse.

Noen mindre justeringer er foretatt underveis med lyd og lys, blant annet en justering av miksepult og mindre endringer av lys i ungdomssalen. Akustikk i kirkesalen følges nøye av prosjektet og endringer beregnes underveis slik at den ønskede akustikken i kirkesalen blir oppnådd.Det samme gjelder for beregning og oppfølging av ønsket inneklima både når det gjelder temperatur og luftfuktighet.Det meste av møbler er nå bestilt, og alter og liturgiske møbler er snart i arbeid hos lokal leverandør (Treprosjekt).

Bildet viser kirkesalen innvendig og som nå tar form med sitt lyse uttrykk. Vi ser med stor forventning fram til å se hele prosjektet ferdig i løpet av høsten.

Leif Solberg



# Prosjektleiar bygg

**Rolv Magne Olsen er tilsett som Prosjektleiar bygg og starta i jobben 1. februar. Han skal arbeide med reparasjonar og vedlikehald av kyrkjene våre fram til våren/sommaren 2027.**

Me har gjennomført tilstandsvurdering av alle kyrkjene, og det er avdekt eit etterslep på vedlikehald gjennom fleire år. Klepp kommune har bidrege med ekstra midlar til oppgraderingar og reparasjonar, og fellesrådet har tilsett Rolv Magne til denne oppgåva.

Rolv Magne har mange års erfaring som blikkenslagar, og som montør innan ventilasjon og kulde. Han har òg arbeidd som brannmann i 15 år, og no skal han kombinere stillinga hos oss med jobben i brannvesenet. Rolv Magne er ein mann med brei praktisk erfaring – ja, rett og slett ein nevenyttig person – som var nettopp det vi søkte etter i stillingsutlysinga. Det har vi no fått.

– Eg likar mangfald, variasjon og utfordringar, seier Rolv Magne.

– Ja, og så er eg ein utadvendt person som likar å møte nye menneske. Eg gler meg til å ta fatt på jobben, seier han.

Kleppsbuen er gift og har seks born. I yngre dagar var han profesjonell fotballspelar, mellom anna på Viking. No har han lagt fotballen på hylla, men du ser han ofte på sykkelen.

Vi ønskjer like fullt å etablere og utvikle vaktmeisterteama i alle kyrkjene. I Klepp kyrkje er det 4–5 personar som møtest jamleg, og i Frøyland og Orstad er dei heile 10 personar i dugnadsteamet. Nokre få har meldt seg i Bore, men vi håpar på nokre fleire. I tillegg veit eg at dei arbeider med å etablere eit team også i Orre. Vil du vere med eit par timar i månaden med praktisk arbeid, så ta kontakt med Ketil Terning.

Rolv Magne vil vere med og leggje til rette for vaktmeisterteama og følgje opp dugnadsarbeidet. I tillegg kan det vere nyttig om han har nokon å spørje når enkelte oppgåver treng fleire hender.

Vi gler oss over å ha fått Rolv Magne med på laget. Velkomen til oss!

**Arvid Kaspersen, kyrkjeverje Klepp.**



# Nytt frå kyrkjeverja

Denne spalteplassen skulle eg brukt til å gi informasjon frå administrasjonen, men eg legg bort kalkulator, statistikk og planar litt først.

Når eg ser tilbake på året som gjekk – ikkje minst desember med alt som har skjedd i kyrkjene, barnehagane og skulane – blir eg rett og slett rørt. Mange frivillige har bidrege med timane sine, tilsette har turnert frå det eine til det andre, foreldre og besteforeldre har engasjert seg, og små og store har fått utfalde seg. Nei, det er ikkje statistikken som rører meg, men alle dei bankande hjarta, dei villige hendene, barnelatteren, gledene og møta mellom menneske!

Takk til alle dykk som held saman og arbeider saman slik at mange får oppleve eit fellesskap med meining og meistring! Ja, for det var nettopp ordet Saman som var tema for jubileumsåret 2025 i Stavanger bispedøme og domkyrkje.

Takk også til alle dykk i idrettslaga, korpsa og barne- og ungdomsorganisasjonane for alt de gjer for barna og ungdomane våre! Takk til alle i kulturskulen, kunstnarar, musikarar, songarar og klovnar som både rører og vekkjer kjenslene våre! Takk til dykk som utrøytteleg arbeider i skular og barnehagar, i barnevernet og på NAV! Takk til dykk som tek vare på dei sjuke og dei som lid! Takk til næringslivet som sysselset og utviklar, og alle som driv med sal og service! Takk til politikarar og administrasjon som tek stort ansvar! Kva skulle me gjort utan dykk?

Kva treng me i ei uroleg tid der verdsbiletet har endra seg kvar gong me vaknar, der diplomati blir bytt ut med truslar og sanksjonar og demokrati med krig og undertrykking? Me treng å kome saman og stå saman.

Saman kan me skape fellesskap, tilhøyrsle, identitet, tru og håp som byggjer bruer – ikkje murar, kjærleik – ikkje forakt. Når me møtast ansikt til ansikt og ser og forstår at bak kvart auge finst eit levd liv med regnbogens fargar, djupner og nyansar, kan me ane at skaparverket ikkje blei til på ei veke. Vår Gud held framleis på i både deg og meg, anten me trur det eller ikkje, veit det eller ikkje. Guds kjærleik og Guds verk verkar i oss og mellom oss like mykje i dag som alle andre dagar. Lat oss difor stå saman inn i dette nye året med nysgjerrigheit, openheit, toleranse og rausheit for kvarandre!

Ja, så var det nytt frå administrasjonen då:
Me arbeider med årsavslutting og ser at me vil ha litt midlar igjen til planlagt vedlikehald i 2026. Budsjettet blir fastsett på årets første møte i fellesrådet. Orgelet i Klepp blir reparert, noko me skal skrive meir om i neste blad. Me arbeider med ein overordna gravplassplan og verneplan, og meir konkret med ny gravplass på Frøyland og Orstad. Personalsituasjonen er stabil, og stemninga god! I samband med den nye kyrkja samarbeider me med kommunen om dei store linjene i ei tenesteytingsavtale og dei små detaljane i det daglege livet saman i sentrum. Eg kan love deg at dagane er stappfulle, men det er jo veldig kjekt òg!

Arvid Kaspersen, kyrkjeverja Klepp

# Menighetsbladet i ny drakt



**Birgitte Maudal Berge har teke på seg hovudansvaret for Menighetsblad i 2026. Fellesrådet ønskjer å bruke dette året til å utvikle bladet både når det gjeld innhald og layout. Birgitte arbeider som menighetspedagog i Bore kyrkje til dagleg.**

I ein samtale med Birgitte om motivasjonen hennar for arbeidet, har ho mykje på hjartet. Draumen min er at menighetsbladet skal formidle Guds kjærleik til glede og inspirasjon for lesarane, seier Birgitte.

– Eg ønskjer å fortelje historier om kvardagsliv saman med Jesus. Vidare tenkjer eg at eit godt menighetsblad skal tilby tekstar til ettertanke for vaksne, og til glede og læring for barna, held ho fram.

– Det vil glede meg om menighetsbladet kan vere med og peike på Gud, seier Birgitte, men samstundes skal det jo òg vere eit blad med informasjon om folk og til folk. Dersom du som lesar har ei historie om noko Jesus har gjort i livet ditt, tips meg gjerne, avsluttar Birgitte.

– Kanskje vi kan formidle di historie og gi noko vidare inn i andre sitt liv.

## Faktaboks om menighetsblad

- Lokale nyheiter – ein stad å få med seg kva som skjer i nærmiljøet og i kyrkjene der du bur.
- Inspirasjon frå kvardagslivet – gode historier om menneske, frivilligheit og fellesskap i bygda.
- Trusformidling på ein enkel måte – små glimt av kristen tru, tradisjon og refleksjon gjennom året.
- Oversikt over aktivitetar – alt frå gudstenester og konsertar til turar, kurs og tilbod for ulike aldersgrupper.
- Læring og undring for barn og unge – eit pedagogisk verktøy med stoff som inviterer til utforsking, tru og tilhøyrsle.
- Fakta om folk og til folk – døypte, konfirmantar, vigde og gravlagde.

## Finansiering

Menighetsbladet er gratis, men både redaksjonelt arbeid, utforming, trykking og distribusjon kostar pengar. Vi er difor takksame for gåver til menighetsbladet på Vipps nr. 810948. Mange takk!

## Reservasjon mot menighetsbladet

Forbrukartilsynet har definert at menighetsblad er offentleg informasjon, på lik linje med informasjon frå til dømes idrettslag eller renovasjonsselskap. Dette er slått fast av Forbrukartilsynet:

Menighetsblad er ikkje reklame, og trussamfunn er ikkje næringsverksemd. Det er difor ikkje mogleg å reservere seg mot menighetsbladet. Distributørar tek heller ikkje omsyn til postkasser merkte «Nei til reklame». Dersom nokon ikkje ønskjer menighetsbladet, er det einaste å gjere å leggje det i papirdunken. Du kan lese meir på nettsidene til Forbrukartilsynet.

## Bilete

Vi set pris på bilete som kan nyttast både i menighetsbladet, på nettsidene og i sosiale medium. Om du tek bilete frå Jæren, kyrkjene våre, eller bilete frå aktivitetar og arrangement, så ta gjerne kontakt. Ved bruk av bilete med personar, må det vere godkjenning for bruk av bileta.

Send gjerne tips og tilbakemeldingar til: menighetsblad.klepp@kirken.no

Av Arvid Kaspersen, kyrkjeverje

## Ønskjer du nokon å snakka med?

**Du er velkomen til å ta kontakt med prest og diakon for samtale.**

**Sokneprest**, Just Salvesen (Klepp) - Tlf. **410 04 692**

**Sokneprest**, Ivan Fjeld (Bore) - Tlf. **948 69 841**

**Sokneprest**, Erik Rørtveit (Orre) - Tlf. **900 97 015**

**Sokneprest**, Morgan Fjelde (Frøyland og Orstad) - Tlf. **489 97 108**

**Diakonimedarbeider**, Ruth Bråtveit - Tlf. **472 59 486**

# Andakten

**Jesus bed for sine.**

Johannes 17,20-26
«Eg bed at dei alle må vera eitt, slik du, Far, er i meg og eg i deg. Slik skal dei òg vera i oss, så verda skal tru at du har sendt meg. Den herlegdomen som du har gjeve meg, har eg gjeve dei, så dei skal vera eitt slik som vi er eitt: eg i dei og du i meg, så dei heilt og fullt kan vera eitt.»

Heile kapittel 17 i Johannes-evangeliet er ei bøn. Det er Jesus som bed, han bed for seg sjølv, for læresveinane sine, og så bed han for «alle dei som gjennom deira ord kjem til å tru på meg». Det er jo ganske gripande, at Jesus tenkte på dei som skulle koma i tida etter at han sjølv var faren opp til himmelen. Det er jo til og med oss, det, me som trur på Jesus på grunn av det læresveinane hans fortalte. Å be er ein fin ting, både å be for seg sjølv, men ikkje minst å be for andre. I den første delen av bøna ber altså Jesus for seg sjølv. Det er særleg lidinga og krossfestinga han har i tankane, men ordet han brukar, er «herlegdom». Jesus ber om å verta innhylla i herlegdom, slik at Faderen kan verta herleggjort ved det Jesus gjer.

Så bed han for læresveinane. Jesus har gitt dei Ordet, seier han, og det skal dei bæra vidare, også etter at Jesus har gått til Faderen. Jesus bed om at dei må halda ut i det som kjem til å bli tøffe tider.

Og så er det alle dei som kjem etter sin tur, altså dei som høyrer Ordet, som kjem til tru gjennom det. Det er oss. Eit av dei viktigaste og sterkaste elementa i denne bøna, er at dei må vera eitt. Jesus bed for einskapen kristne imellom. Slik skal Guds herlegdom skina i verda, også etter at Jesus steig opp til himmelen.

Eg kjenner meg litt flat og motlaus når eg les dette, for me kan vel ikkje akkurat sei at me i kyrkja har gjort ein framifrå jobb, ikkje når det gjeld einskap, og heller ikkje når det gjeld herlegdomen. Me har i alle fall litt å strekka oss etter.

Det eg trur, er at Jesus visste kva han gjorde: han overlèt ordet og kyrkja i hendene til vanlege menneske, ikkje for at dei skulle skina. Men, for at me skal strekka oss etter einskap, og Guds herlegdom.

Lars Sigurd Tjelle
Prost Jæren



## Døypte

**Klepp**

16.11. Erling Torkildsen Skår
Niklas Lekve Amdal
23.11. Ada Time Wilhelmsen
Emrik Bore
Hailey Elvira Idland
Torian Johan Rørtvedt
30.11. Lotte Eker Heldenius
07.12. Charlotte Thu Gudmestad
Helle Horpestad Riveland
Kaspian Husveg
Mathilde Mie Skretting
Tom Tjetland
04.01. Élian Lindås Hatteland
Emilie Garheim
Melissa Edland
Vilde Hodne
11.01. Hennie Lunde Njærheim
25.01. Eivor Nese
Emma Egeland Oftedal
Linne Ørsland
Tobias Sigmundstad Lindtveit
01.02. Fredrik Øvrebø Pedersen
Hedvig Høiland-Malmin
Leon Ekenes Håland

**Bore**

16.11. Ingrid Bjørnemyr
Noah Engelsgjerd
Oleah Trevethick Gabrielsen
Terje Eskeland
Ådne Byberg
23.11. Ingrid Stokka
25.01. Emma Kvinnesland

**Orre**

09.11. Embla Lønnum Aase
Johanna Erga
Lotte Pollestad
Kristin Ree Rosland
07.12. Frida Fisketjøn Aase

**Frøyland og Orstad**

09.11. Alvar Orstad
Odin Matheo Sæther
07.12. Mari Frøyland
Rakel Ask Gudmestad
Silas Vådeland Holte
11.01. Emilia Sakowska Friestad
Jakob Frøyland Maudal
08.02. Filippa Dahle Honoré
Silas Åbrekk

## Vigde

**Klepp**

17.01. Tonje Terning og Aage Solland
14.02. Kari Kjestveit og Jan gunnar Gjesdal

**Bore**

15.11. Brit Helen Finstad og Torgeir Heldal
31.01. Karina Linde Systaddal og Roy Levi Olsen



**Frøyland og Orstad**

14.11. June Vådeland og Eivind Goksøyr Holte
Kristina Mork Bakke og Henrik Stenersen Rebbestad
14.02. Therese Skretting og James Daniel Wilkinson

## Gravlagde

**Klepp**

07.11. Ommun Braut, f. 1940
11.11. Magne Dagfinn Bore, f. 1956
21.11. Ingeborg Voll Kristiansen, f. 1942
26.11. Anne Gunvor Knutson, f. 1943 (bisetting)
27.11. Sigve Reilstad, f. 1961
28.11. Olav Magnar Bjørgum, f. 1934
Eli Skjørestad, f. 1958
02.12. Harald Sandsmark, f. 1939
05.12. Liv Orre, f. 1937
12.12. Reidun Helen Haugland, f. 1958
Tora Gjerde, f. 1928
19.12. Harald Knutson, f. 1940 (bisetting)
23.12. Bjørg Ingebrigtsen, f. 1930
Einar Helleland, f. 1940
30.12. Reidar Kåre Steinsland, f. 1944
Grethe Elisabeth Herikstad, f. 1945
02.01. Marta Håland, f. 1933
08.01. Magne Petter Hodne, f. 1945 (bisetting)
Mintra Høie, f. 1963 (bisetting)
09.01. Ove Friestad, f. 1959
20.01. Laila Lovise Egeland, f. 1962
23.01. Truls Kristoffersen Buøen, f. 2006
27.01. Maria Bjorland Sæstad, f. 1997
30.01. Ingeborg Maria Gaard, f. 1929
06.02. Signe Lovise Laland, f. 1949
Kristi Anita Pedersen, f. 1969 (bisetting)
13.02. Henry Hommeland, f. 1929 (bisetting)
20.02. Sigrid Salte, f. 1937
20.02. Oda Asheim Vorset, f. 1990

**Bore**

18.11. Jon Andrew Sele, f. 1968
02.01. Randi Ravndal, f. 1948
06.01. Helga Nordtveit, f. 1934
Kari Sæland, f. 1950 (seremoni Soma kapell)

**Orre**

14.11. Jarle Løland, f. 1959
16.12. Elling Bekkeheien, f. 1951
19.02. Torkel Erga, f. 1941
13.02. Olaug Moi, f. 1928

# Gudstenester

## Klepp kyrkje

**01.03** kl.11.00
Gudsteneste med dåp og nattverd. Andreas Haarr

**08.03** kl.11.00
Generasjonsgudsteneste med dåp. Just Salvesen

**15.03** kl.11.00
Temagudsteneste om diakoni. Nattverd. Ruth Bråtveit og Just Salvesen

**22.03** kl. 11.00
Gudsteneste. Konfirmantar deltek. Just Salvesen

**29.03** kl. 11.00
Gudsteneste med dåp og nattverd. Palmesøndag. Andreas Haarr.

**02.04** kl. 19:00
Gudsteneste med nattverd. Skjærtorsdag. Just Salvesen. NB: Merk tida.

**03.04** kl. 11.00
Pasjonsgudsteneste. Langfredag. Just Salvesen

**05.04** kl. 11.00
Høgtidsgudsteneste med dåp og nattverd. Påskedag Just Salvesen.

**06.04** kl. 11.00
Påske Sammen. Fellesgudsteneste på Kleppe bedehus.

**12.04** kl. 11.00
Temagudsteneste med nattverd. Just Salvesen

**19.04** Kl. 11.00
Generasjonsgudsteneste med dåp og nattverd. Øyvind Tjelle

**26.04** kl. 11.00
Gudsteneste med dåp. Just Salvesen

**02.05**
Konfirmasjonsgudstenester. Just Salvesen

**03.05**
Konfirmasjonsgudstenester. Just Salvesen

**09.05**
Konfirmasjonsgudstenester. Just Salvesen

**10.05** kl. 11.00 Gudsteneste med dåp. Just Salvesen

**17.05** kl. 10.00 Festgudsteneste. 17. mai. Just Salvesen

**24.05** kl. 11.00 Høgtidsgudsteneste. 1 Pinsedag. Dåp og nattverd. Just Salvesen

**25.05** kl. 11.00 Friluftgudsteneste på Krosshaug. Just Salvesen

**31.05** Kl. 11.00
Generasjonsgudsteneste. Dåp. Just Salvesen

Endringar kan førekoma- følg med i Jærbladet og på heimesida.

## Bore kyrkje

**01.03.** Gudsteneste med nattverd. Ivan Fjeld. Offer til Mercy Ships. Søndagsskule.

**08.03.** G2-gudsteneste med nattverd. Ivan Fjeld. Offer til menighetsarbeidet. Søndagsskule.

**15.03.** Familiegudsteneste med nattverd. Ivan Fjeld. Offer til misjonsprosjektet.

**22.03.** Gudsteneste med dåp. Ivan Fjeld. Offer til menighetsarbeidet. Søndagsskule.

**29.03.** Gudsteneste på palmesundag.

**02.04.** Skjærtorsdagsgudsteneste med nattverd kl.19:00. Ivan Fjeld. Offer til menighetsarbeidet.

**03.04.** Langfredagsgudsteneste kl.11:00. Ivan Fjeld. Offer til KIA.

**05.04.** Høgtidsgudsteneste med dåp og nattverd. Påskedag. Ivan Fjeld. Offer til menighetsarbeidet.

**12.04.** Familiegudsteneste med dåp og utdeling av 1.klassebok. Ivan Fjeld. Offer til Jærgårds.

**19.04.** Ikkje gudsteneste.

**25.04.** Konfirmasjonsgudsteneste kl.12:30. Birgitte Maudal Berge og Ivan Fjeld. Offer til Kirkens SOS.

**26.04.** G2-gudsteneste med dåp. Ivan Fjeld. Offer til misjonsprosjektet. Søndagsskule.

**02.05.** Konfirmasjonsgudstenester kl.11:15 og kl.12:30. Birgitte Maudal Berge og Ivan Fjeld. Offer til Kirkens bymisjon.

**03.05.** Gudsteneste med dåp. Ivan Fjeld. Offer til NMS. Søndagsskule.

**10.05.** Familiegudsteneste med tårnagentar. Ivan Fjeld. Offer til menighetsarbeidet.

**17.05.** Gudsteneste på grunnlovsdagen kl.10:00. Ivan Fjeld. Offer til Kirkens nødhjelp.

**24.05.** Høgtidsgudsteneste med dåp og nattverd. Pinsedag. Ivan Fjeld. Offer til menighetsarbeidet.

**31.05.** Ikkje gudsteneste.

## Orre kyrkje

Alle gudstenester startar kl. 11.00 i Orre kyrkje og Erik Rørtveit er prest dersom anna ikkje er oppført.

**08.03**
Gudsteneste med dåp og nattverd. Offer til kyrkjelydsarbeidet. Årsmøte etterpå.

**22.03**
Gudsteneste med dåp. Tårnagenthelg. Offer til ungdomsarbeidet.

**02.04** kl. 19:00
Gudsteneste med nattverd. Skjærtorsdag.

**05.04**
Gudsteneste med dåp og nattverd. Påskedag. Offer til Bibelselskapet.

**19.04**
Gudsteneste med dåp. Dåpsskulegudsteneste. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

**03.05** kl. 10.30 & 12.00
Konfirmasjonsgudstenester. Offer til konfirmantarbeidet.

**14.05**, Orre gamle kyrkje
Gudsteneste med dåp og nattverd. Kristi himmelfartsdag. Offer til Mercy ships.

**17.05**, Orre idrettshall
Gudsteneste. Grunnlovsdagen.

**25.05** kl. 19.00
Gudsteneste med nattverd. 2. Pinsedag. Offer til Orre Yngres.

Endringar kan førekoma – følg med på facebook og heimesida.

## Frøyland og Orstad

**01.03** Kveldsgudsteneste kl 19:00. Nattverd

**08.03** Gudsteneste med dåp

**15.03** Gudsteneste med nattverd

**22.03** Gudsteneste med nattverd. Årsmøte etter gudstenesta

**02.04** Påskemåltid kl 19:00

**06.04** Gudsteneste 2. påskedag. Nattverd

**12.04** Gudsteneste med dåp

**19.04** Samtalegudsteneste med nattverd

**03.05** Gudsteneste med dåp

**09.05** kl 11:00 og 13:00 - konfirmasjonsgudsteneste

**10.05** Gudsteneste med konfirmasjon

**17.05** kl 09:00 Gudsteneste 17.mai

**25.05** 2. pinsedagsgudsteneste med dåp

**31.05** Gudsteneste med nattverd. Ukrainasøndag etter gudstenesta

Gudstenestene starter kl 10:30 om ikkje anna er oppgitt.

## Fastesamlingene

Fastesamling er ei kort gudsteneste i Klepp kyrkje, onsdager kl. 19.00:

**18. feb**

**25. feb** Fastesamling med skriftemål

**4. mars** Fastesamling med nattverd

**11. mars** Fastesamling med nattverd

**18. mars** Fastesamling med tilbud om forbønn

**25. mars** Fastesamling med nattverd

### KYRKJESKYSS

**BORE KYRKJE**
Ring kontoret
tlf. 51 78 95 55.

**KLEPP KYRKJE**
Ring tlf. Pauline Braut;
920 35 830



# Tekstane

**3. søndag i fastetida**
**8.mars**
Luk.11,14-28, 1.Sam.18,6-14, Ef.5,1-2 og 5,8-11

**4. søndag i fastetida**
**15.mars**
Joh.11,45-53, 1.Mos.22,1-14, Hebr.4, 14-16

**Maria bodskapsdag**
**22.mars**
Luk.1,25-38, Jes.7,10-14, Gal.4,4-7

**Palmesøndag**
**29.mars**
Joh.12,12-24, 2.Mos.12,21-28, Ef.2,12-18

**Skjærtorsdag**
**2.april**
Matt.26,17-30, 2.Mos.12,1 og 3-8, 11-14, 1.Kor.5,6-8

**Langfredag**
**3.april**
Joh.18,1-19,42

**Påskenatt/Ottesang**
**4.april**
Rom.6,3-11, Mark.16,1-8, 1.Mos.1,1-5, 1.Mos.1,26-2,2, 2.Mos.14,1-22

**1.Påskedag**
5.april
Luk.24,1-9, Salm.118,14-24, 1.Kor.15,1-11

**2.påskedag**
**6.april**
Luk.24,13-25, Jona 2,1-11, Ap.gj.13,32-35

**2.Søndag i påsketida**
**12.april**
Joh.21,1-14, Jes.43,10-13/ Ap.gj.1,1-5, 1.Kor.15,12-21

**3.Søndag i påsketida**
**19.april**
Joh.10,11-18, Esek.24,11-16/ Ap.gj.2, 36-41, 1.Pet.2,20-25

**4.Søndag i påsketida**
**26.april**
Joh.16,16-22, Jes.54,7-10/ Ap.gj.9,36-43, Fil.3,12-14

**1.mai**
Luk.6,31-36, Jes.58,6-10, 1.Joh.4,16-21

**5.Søndag i påsketida**
**3.mai**
Joh.15,1-8, Hos.14,5-9/ Ap.gj.4,32-35, Rom.11,13-20

**6.Søndag i påsketida**
**10.mai**
Luk.18,1-8, Jer.29,10-14/ Ap.gj.16,25-40, 1.Joh.5,13-15

**Kristi himmelfartsdag**
**14.mai**
Mark.16,19-20, Sal.110,1-3/ Ap.gj.1,1-11, Ef.4,7-10

**Søndag før pinse**
**17.mai**
Joh.15,26-27, Hag.2,3-9/ Ap.gj.1,12-14, 1.Pet.4,7-11

**17.mai**
Luk.1,50-53, Sal.127,1-3, Ap.gj.17,22-25, 26-31

**Pinseafta**
**23.mai**
Joh.7,37-39, 2.Mos.24,3-11, Ef.2,17-22

**Pinsedag**
**24.mai**
Joh.20,19-23, 1.Mos.2,4-9, Ap.gj.2,1-11/Rom.8,9-11

**2.pinsedag**
**25.mai**
Joh.16,5-11, Joel 3,1-2, Ap.gj.10,34-48

**Treenighetssøndag**
**31.mai** Matt.28,16-20, 5.Mos.6,4-9, 1.Pet.2,4-10

# Under lupa

*På vägarna ute i världen*
*går de som har mistat sitt hem,*
*de hungriga, trötta och frusna.*
*Vår Fader, var nådig mot dem!*

*Från arbete, hemland och vänner*
*har många förtvivlade flytt.*
*O Gud, ge dem tryggheten åter*
*och låt dem få börja på nytt!*

*Var skulle de möta din kärlek*
*om inte hos oss, vi som har*
*vårt dagliga bröd och vår frihet,*
*vårt hem och vårt fosterland kvar!*

*Så väck hos oss alla den kärlek*
*som alltid vet utväg och råd,*
*och lär oss: att giva är saligt,*
*att hjälpa er glädje och nåd!*

*På veiene ute i verden*
*går de som har mistet sitt hjem,*
*de sultne, de trette og frosne.*
*Vår Fader, vær nådig mot dem!*

*Fra arbeid, fra hjemland og venner*
*har mange blitt jaget av sted.*
*O Gud, la dem finne tilbake*
*til trygghet og tillit og fred.*

*Hvor skulle de møte din godhet*
*om ikke hos oss, som har fått*
*vårt daglige brød og vår frihet,*
*et liv i et land som er godt.*

*Gud, vekk oss til handling i omsorg*
*for alle som lever i nød,*
*så glade vi deler med andre*
*vårt land og vårt daglige brød.*

## 732 På veiene ute i verden

Det fins ein del salmar som ein kan kalle tidlause. Denne er diverre det. Diverre, fordi det alltid er like aktuelt med krig og naud i verda som fører til at folk må flykte frå heimane sine.

Britt Gerda Hallqvist gav i 1960 ut boka «Bönbok för barn». Ein av tekstane er salmen «På vägarna ute i världen» som har eit flyktningfokus med ei bøn til Gud om å vere med dei, og ei oppmoding til oss om å opne armane for dei og vise dei kjærleik. FN vedtok at 1959-1960 skulle vere verdas flyktningår. Flyktningkrisa i Europa var stor, både etter 2. verdskrigen, men ikkje minst som fylgje av den kalde krigen, der svært mange vart drivne på flukt. Diverre er me framleis i ein situasjon der svært mange er flyktningar, og me bør ta til oss orda frå Hallqvist sin salmetekst. Salmen vart omsett i 1986 av Eyvind Skeie. Han gjendikta teksten, og gjorde i vers 4 ei endring, der han la til at me ikkje berre skal dele vårt brød, men òg vårt land.
Undertonen i teksten er nestekjærleiksbodet, og orda frå Matt 25,40: «Alt de gjorde mot eit av desse minste syskena mine, det gjorde de mot meg.»

Egil Hovland skreiv melodien til denne teksten i 1984 då dei samarbeidde om bibelspelet «Mor Maria». Der er teksten knytt til flukta frå Egypt. Bibelspelet vart framført på Hovland sin 60-årsdag i Glemmen kyrkje. Salmen er òg teken med i bibelspelet «Den rike mann og Lasarus» som ein del av forbøna.

I salmeboka finn me han fyrst i Salmer 1997. I Norsk salmebok står han på nr. 732 under kapittelet «Rettferd og fred».

Svenske Hallqvist og norske Hovland var to markante personar i det norske kyrkjemusikklandskapet som har bidrege sterkt til fornying, ikkje minst for dei yngre. Både tekstane til Hallqvist og musikken til Hovland er kjenneteikna av å vere enkel og forståeleg, utan at det blir naivt og overflatisk. Tvert om så rommar dei ei djupn som gjer at desse salmane talar til oss alle. Hallqvist og Hovland står i lag bak fleire av salmane i norsk salmebok, og mest kjend er nok Måne og sol.

Kantor Ola Sotnakk

Tilbod for barn og unge

# Småbarn 0-5 år

| Alder | Frøyland & Orstad | Bore | Orre | Klepp |
|---|---|---|---|---|
| 0–1 år | **Babysong** (start 18. feb 2026) | **Babysong** (tors. vår 2026) | **Babysong** (kvar ons. t.o.m. 11. mars) | **Babysong** (månd.) |
| 1–2 år | | | | **Småbarnssong** (annankvar månd.) |
| 3 år | **Ettermiddagssamling** + skattkiste (2026) | **Supersøndagsskule** (haust 2026) | **Familiegudsteneste** (feb 2026) 1-3 år | **Sauesamling** (mai 2026) **Knøttekor** (annakvar tors.) |
| 4 år | Ettermiddagssamling + Barnebibel (okt 2026) **Safari kor** (4 år-4.steg, tysd.partalsveker) | **Pølsesong** **Barnebibel** (haust 2026) | **4-års samling** (nov 2026) | **4-årsbok** (25. okt 2026) **Knøttekor** (annakvar tors.) |
| 5 år | **Safari kor** (4 år-4.steg, tysd.partalsveker) | **Pinsebursdag** (13.juni 2026) **Bore legoklubb (5-19 år)** | **Legoklubb** (mai 2026) | Barabbassamling (24. mars 2026). **Knøttekor (3-6 år, annakvar tors.)** |

# Barneskule 1-4 steg

| Trinn | Frøyland & Orstad | Bore | Orre | Klepp |
|---|---|---|---|---|
| **1** | 1.klasseklubb (mai/juni 2026) | 1. klasseklubb (mars–april 2026) | Dåpsskule (april 2026) | Tiltak Tu+Kleppel (26. april 2026) |
| **2** | 2.klasseklubb (sept/okt 2026) | | Tårnagent (2.–3. kl, mars 2026) | 2. klasse-verkstad (27. sept 2026) |
| **3** | Tårnagenthelg (april 2026) | Tårnagenthelg (9.–10. mai 2026) | Tårnagent (mars 2026) | Tårnagenthelg (30.–31. mai 2026) |
| **4** | 4.klasseklubb (jan–feb 2026) | Etter skuletid (nov 26–feb 27) | | Tweens-intro (4. steg, 12. juni 2026) |
| **1-4** | Safari kor (4 år- 4.steg, tysd.partalsveker) | Bore barnekor (4 år-4.steg) Bore legoklubb (5-19 år tys.oddetal) | | Gudstenesteverkstad (1.-7.steg) Barnekor (annakvar tys. 1.steg->) |

## Søndagar:

**Frøyland & Orstad:** Jungelgjengen (0 år-4.steg), Agapao (5.-7.steg)
**Bore:** Sundagsskule, dansegruppe og tweensgruppe under gudstenesta.
**Klepp:** Sundagsskule (Gullivergjengen/Agentar/Slush)



# Tweens 5-7 steg

| Trinn | Frøyland & Orstad | Bore | Orre | Klepp |
|---|---|---|---|---|
| **5** | F2 fredagsklubb (partalsveker 5.-7.steg) | Tweenslaurdag (14. feb 2026) | | Førstehjelpskveld (nov 2026) |
| **6** | Lys Våken (21.–22. nov 2026) | LysVaken (28.–29. nov 2026) | LysVaken (haust 2026) | LysVaken (5.–6. des 2026) |
| **7** | | | | Mesternes Mester (7. juni 2026) |
| **5-7** | SoulChildren kor (5.-7.steg, månd.partalsveker) | Legoklubb (5-19 år tys.oddetal) | | Tweens (annakvar fredag) |

# Ungdom 8 steg og opp

| Trinn | Frøyland & Orstad | Bore | Orre («Spira») | Klepp |
|---|---|---|---|---|
| **8** | FOKUS (fred. partal) | Newbie (vår 2026) | Ungdomsklubb (annankvar fredag) | PreKonf (24. mars 2026), UANZ (annankvar sundag) |
| **9** | Konfirmant | Konfirmasjon | Konfirmasjon | Konfirmasjonsåret |
| **10** | | KonfReunion (vår 2026) | | KonfReunion (aug/sept 2026), PostKonf |
| **VGS** | Soul Teens (man. oddetal) + kveldssamling (juni 2026) | | | |

## Felles informasjon:

• Invitasjon til aktivitetane for kun eit årskull kjem når det nærmar seg (til alle som står som medlem, er registrert som trusopplæringsabonnent eller har gitt oss beskjed at dei ønsker invitasjon).

• Det kan koma endringar. Følg med på heimeside og Facebook for oppdatert informasjon. Ønsker du invitasjon, informasjon eller har du spørsmål? Ta kontakt med menighetspedagogane. Du finn kontaktinfo. fremst i bladet.

## Heimesider:

**Frøyland og Orstad** **Bore** **Orre** **Klepp**



# Palmesøndag

Palmesøndag markerer starten på den stille veka, som leier oss fram mot påske. Denne dagen hugsar vi at Jesus reid inn i Jerusalem på eit esel, medan folket hylla han som ein konge. Dei breidde klede og palmegreiner utover vegen for å vise ære. Palmesøndag ein festdag som minner oss om at Jesus kom som ein frelsar – men på ein annleis måte enn folk kanskje venta. Når vi feirar Palmesøndag, set vi gjerne fokus på korleis Jesus kjem med fred og kjærleik. Han treng ikkje praktfulle hestar eller store hærar for å vise Guds kraft. I staden kjem han i audmjukheit og nærleik. Nettopp dette er ei viktig påminning i vår travle kvardag: At me ikkje alltid treng store teikn eller flotte rammer for å kjenne Guds nærvær. Av og til kan det vere gjennom små handlingar eller enkle ord vi opplever størst velsigningar.

I kyrkja kan ein ofte sjå palmegreiner eller liknande grønt på denne søndagen. Det er eit symbol på dei friske kvistane folket la for føtene til Jesus. For mange er det også tradisjon å gå i prosesjon denne dagen, til minne om folket som følgde Jesus inn i Jerusalem. Born kan gjerne vere med og vifte med små palmegreiner eller lage teikningar av palmar og esel. Palmesøndag kan også hjelpe oss til å sjå framover mot det som skal skje i påskeveka. Gjennom forteljinga om Jesus sin siste vandring mot korset blir vi minna om at liv og død, glede og sorg, høyrer saman i den kristne bodskapen. Jesus blir hylla som konge, men nettopp same folket som jublar for han, vil nokre dagar seinare rope at han skal korsfestast. Dette spennande, men samstundes sorgfulle, ligg framføre oss i påskehøgtida.

## PÅSKEQUIZ

Løyseord: Eit hyllingsrop i kyrkjeleg samanheng

### Spørsmål:

1. Kva gjer vi når vi heidrar og ropar «velsigna» for ein person?
2. Kva frukt veks på tre i Middelhavsområdet og kan brukast til olje?
3. Kva kallar vi ein religiøs song i kyrkja, ofte basert på bibelske tekstar?
4. Kva kallar vi det når nokon kjem høgtideleg inn i ein by eller ein stad?
5. Kva er namnet på bordet fremst i kyrkja, der nattverden vert delt ut?
6. Kva kallar vi delinga av brød og vin i kyrkja, innstifta av Jesus?
7. Kva ord bruker vi om Guds frie kjærleik og tilgjeving?
8. Kva ord avsluttar ofte ei bøn i kristen tradisjon?






# Skjærtorsdag

Skjærtorsdag er den dagen vi minnest at Jesus innstifta nattverden saman med disiplane sine. I følgje Bibelen samla han venene sine til det siste måltidet før han skulle bli arrestert. Under måltidet braut han brødet og delte vinen, og sa at dette var hans lekam og blod. Dette vart starten på den kristne nattverden, eit heilagt måltid som symboliserer fellesskap og Guds nåde.

Skjærtorsdag er ein dag der vi reflekterer over kva det tyder å høyre saman i trua. Fleire stader blir det halde nattverdsgudstenester, der vi får del i brød og vin for å minnast Jesu offer og kjærleiken hans til oss. Ordet «skjær» i Skjærtorsdag kjem frå eit gammalt ord som tyder «reinsing». Dagen minner oss om å vende oss bort frå synda og ta imot Guds tilgiving, nett som Jesus viste ved å vaske føtene til disiplane sine.

Skjærtorsdag kan også vere ein dag for ettertanke i heimen. Ein kan samtale om kva det vil seie å tene kvarandre med glede, slik Jesus vasker disiplane sine føter. Ein treng ikkje gjere noko stort ut av det, men kanskje kan ein gjere ei lita gjerning for ein i familien eller ein nabo? Å dekke bordet saman og dele eit enkelt måltid kan vere ei fin påminning om fellesskap og omtanke.
For born kan det vere kjekt å lære om kvifor me et brød og drikk av begeret i kyrkja. Nattverden er jo ein veldig konkret måte å forstå at Jesus er midt i blant oss. Samstundes er det fint å samtale om at vi alle treng tilgiving og at Gud alltid er klar til å ta oss i mot, same kva vi har gjort.

**PÅSKEQUIZ**
Løyseord: Eit teikn på fellesskap, tilgjeving og frelse.

**Spørsmål:**

1. Kva kallar vi Guds frie kjærleik og tilgjeving til menneska?
2. Kva heiter ei kort samling med bøn, Bibel-lesing og ettertanke?
3. Kva gjev vi når vi lar ei skuld passere utan straff?
4. Kva kallar vi ein person som gjer teneste eller arbeider for ein annan?
5. Kva drikke nyttar vi i nattverden saman med brødet?
6. Kva er eit anna, ofte greskbasert ord for nattverd i nokre kyrkjer?
7. Kva kallar vi ein fast ordning for ein seremoni i kyrkja?
8. Kva kallar vi ein person som følger og lærer av Jesus?




# Langfredag



Langfredag er ein av dei mest alvorstunge dagane i kyrkjeåret. Denne dagen minnest vi Jesu lidelse, korsfesting og død. Namnet kjem frå tanken om at dette var den lengste og tyngste dagen i Jesu liv. Etter nattverden på skjærtorsdag blei Jesus arrestert i Getsemane-hagen. Han blei ført fram for høgpresten og deretter dømt av Pontius Pilatus. På langfredag blei Jesus pisket, håna og tvinga til å bære korset til Golgata, der han blei korsfesta mellom to røvarar. I dei siste timane bad han til Gud og døydde til slutt etter å ha overgitt seg til Faderen.

I kyrkja blir langfredag markert med ei enkel og alvorleg gudsteneste. Alteret er ofte avkledd som symbol på Jesu lidelse og død. Bibeltekstane handlar om Jesu lidelseshistorie, og mange stader blir heile pasjonsforteljinga lesen utan preike. Langfredag er ei tid for stillheit og ettertanke, der vi minnest Jesu offer for menneska. Det er dagen med "det dypaste gledesalvor og den høgaste alvorsglede," fordi Jesu død banar vegen for oppstoda på påskedag.

**PÅSKEQUIZ**
Løyseord: «Hovudskallestaden»

Spørsmål:

1. Kva gjer vi når vi er djupt sorgfulle og tårer renn?
2. Kva kallar vi ei gåve eller noko ein gjev avkall på for ein annan?
3. Kva ord skildrar smerte og vonde opplevingar?
4. Kva genitivsform bruker vi om det som høyrer Herren til?
5. Kva kallar vi sterk uro eller intens uroleg kjensle?
6. Kva kallar vi ein spiss pigg på ei plante, som på roser eller tornebuskar?
7. Kva greske ord nyttast om den usjølviske, guddommelege kjærleiken?




# Påskedag

Påskedag, ofte kalla påskemorgon, er den store glededagen i kyrkjeåret. Dette er dagen då vi feirar at Jesus stod opp frå dei døde. Alt som skjedde gjennom den stille veka – frå Palmesøndag si hylling, via Skjærtorsdag sin fellesskap og Langfredag sin sorg – får nå sin oppfylling. Oppstoda viser at livet og kjærleiken vann over døden og mørkret.



